



OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Seksjon for klima, miljø og internasjonalisering

Vår dato: 10.10.2022
Deres dato: 14.06.2022
Vår referanse: 22/22476-2
Deres referanse: 22/960
Vår saksbehandler: Solveig Prestegard

Offentlig høring av NOU 2022: 6 Nett i tide – om utvikling av strømmettet

Vi viser til NOU 2022:6 Nett i tide – om utvikling av strømmettet. Vestfold og Telemark fylkeskommune ynskjer med dette å kome med sitt høyrings svar til utvalet sin rapport. Vi orsakar at høyringssvaret vårt kjem noko over tida, men håpar de likevel vil ta med våre vurderingar i det vidare arbeidet.

Strømnettutvalet har peika på tre hovudtilråingar for sin konklusjon:

1. Redusere tidsbruken
2. Ivareta ei samfunnsøkonomisk utvikling av nettet
3. Forbetre tilknytingsprosessen

Vestfold og Telemark fylkeskommune er medlemmer av organisasjonen «Kraftfylka», ein samanslutning av fylke med kraftressursar- og inntekter. Kraftfylka har levert si høyringsfråsegn til NOU 2022:6, som Vestfold og Telemark fylkeskommune stiller seg bak.

Hovudoppmodinga frå Kraftfylka kan oppsummerast i fylgjande avsnitt:

«Kraftfylka mener at det må komme på plass en mer formalisert dialog mellom de fylkeskommunale og statlige aktørene på regionalt nivå, sammen med energiselskaper og kommuner. Kraftfylka foreslår derfor at det etableres et regionalt samarbeidsorgan for kraftforsyningen i hvert fylke som kan følge konsesjonsprosessene for energisaker, etter mønster fra regionalt planforum. I et slikt «Kraftforum» vil fylkeskommunene ha en sekretariatsfunksjon og koordinere interesser fra berørte kommuner og statlige regionale aktører.»

Strømnettutvalet peikar på tiltak for å redusere tidsbruken i nettutviklingssaker som ei av tre hovudutfordringar, saman med å forbetre tilknytingsprosessen og ivareta ei samfunnsøkonomisk utvikling av nettet.



Mellom anna blir det framheva at god dialog frå alle paratar er naudsynt dersom ledetida i nettutviklinga skal reduserast til mellom 6-8 år:

«Tiltakene utvalget anbefaler krever betydelig innsats i alle deler av sektoren, og bedre dialog mellom alle parter, herunder både nettselskaper, nettkunder, kommuner, fylkeskommuner, interesseorganisasjoner, sivilsamfunn og andre interessenter. Bedre og tidligere dialog skaper tillit, som er et godt utgangspunkt.» (s 24)

Ein betre dialog mellom dei ulike interessene i regionen i nettutviklingssaker, er ein føresetnad for å redusere tidsbruken, og fylkeskommunane er positive til å ta ein rolle i ein slik dialog. Forslaget frå Kraftfylka vil altså kunne bidra til å nå desse måla.

Det vil også vere samfunnmessig økonomisk gunstig med ein meir formalisert dialog. Fylkeskommunane har viktige samfunnsutviklingsoppgåver å planleggje og gjennomføre når det gjeld samferdsel, næringsutvikling og klima- og miljø. Nettutviklinga og tilgangen på kraft spelar ein avgjerande rolle for å nå bærekraftsmåla i regionane, ikkje minst gjeld dette klimamåla for vårt eige fylke, Vestfold og Telemark. Eit meir formalisert samarbeid og dialog mellom dei ulike interessene, er ein føresetnad for å få dette til.

Kraftkrevjande prosjekt i Vestfold og Telemark utgjer ein stor del av den planlagde nasjonale veksten i forbruket av kraft. Vestfold og Telemark fylkeskommune har eit mål om 60% reduksjon i klimautsleppa innan 2030. Regionen vår har den største konsentrasjonen av prosessindustri i landet. Kraftbehovet i industrien fram mot 2030 er oppsummert til å vere på totalt minimum 2726 MW, totalt maksimum 3196 MW, jf Powered by Telemark som organiserer over 100 industribedrifter i Grenland. Saman med energibehovet til eit datasenter i Skien, er det ynskje om å ta i bruk nærare 30 TWh i regionen frem mot 2030. Statnett sin basisprognose estimerer 30 TWh i auka forbruk for heile landet frå 2020 til 2030.

Det er altså behov for både å produsere meir fornybar energi i vår region, og samstundes sørge for tilstrekkeleg overføringskapasitet gjennom nettutviklinga. For å nå desse klimaambisjonane for industrien – som er ein føresetnad for også å nå dei nasjonale klimamåla – er tilgangen på kraft for industrien svært viktig.

Strømnettutvalet tilrår å videreføre prinsippet om «nøytral og ikkje-diskriminerande opptreden» ved tildelinga av kapasitet, og kø-ordninga mellom prosjekt. Dette er i dag praktisert som «først i tid, best i rett». Utvalet tilrår at gjeldande praksis blir meir og betre formalisert. Ei slik formalisering støttar vi.

Samstundes tilrår ikkje utvalet å utarbeide prioriteringskriterie basert på «spesifikke kundegrupper eller bestemte politiske målsetninger». Prinsippet om nøytral og ikkje-diskriminerande opptreden er i samsvar med dei med grunnleggjande prinsippa om likebehandling innan offentleg forvaltning.



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Samstundes er det behov for raskt å realisere mange store prosjekt for å klare å kutte dei største klimautsleppa på nasjonalt og regionalt nivå. Vestfold og Telemark fylkeskommune saknar difor ei breiare og meir grundig vurdering av omsynet til å prioritere visse næringar og verksemder, særleg i lys av å nå dei nasjonale klimamåla.

Med vennleg helsing

Cathrine Nedberg
Konst. seksjonssjef

Solveig Prestegard
solveig.prestegard@vtfk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET		Postboks 8148 Dep	0033 OSLO